

## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
052/18	Formannskapet	07.06.2018
052/18	Kommunestyret	21.06.2018

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Turid Kristine Brekke	K2 - L12	18/8

### Planprogram for revisjon av arealdelen til kommuneplanen

#### Rådmannen si tilråding

Saka vert lagt fram for kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:  
Planprogram av 29.05.2018 for revisjon av arealdelen til kommuneplanen vert vedteken med dei endringar som grå fram av Rådmannen si saksutgreiing.

#### Formannskapet - 052/18

Plansjef Turid Brekke deltok under handsaminga av saka. Ho gjekk gjennom alle innkomne merknader, med særleg vekt på dei merknadane som har ført til framlegg om endring i planprogrammet.

#### **FS - vedtak:**

Saka blir lagt fram for kommunestyret med fylgjande framlegg til vedtak:

Planprogram av 29.05.2018 for revisjon av arealdelen til kommuneplanen vert vedteke med dei endringar som går fram av Rådmannen si saksutgreiing.

Samrøystes.

#### Kommunestyret - 052/18

Plansjef Turid Brekke deltok under handsaminga av saka. Ho gjekk gjennom alle innkomne merknader, med særleg vekt på dei merknadane som har ført til framlegg om endring i planprogrammet.



**KS - vedtak:**

Planprogram av 29.05.2018 for revisjon av arealdelen til kommuneplanen vert vedteken med dei endringar som grå fram av rådmannen si saksutgreiing.

Samrøystes.

<b>Vedlegg</b>		
Dokument dato	Tittel	DokID
30.05.2018	Planprogram for rev arealdelen i kommuneplan 29-05-2018	171429
29.05.2018	Merknader planprogram for revisjon av arealdelen 2018	171419
29.05.2018	Referat planforum KPL Arealdel 14_02_2018	171421

**Kort samandrag**

Kommunestyret har i Planstrategi av 16.02.2017 gjort vedtak om at kommuneplanen sin arealdel skal takast opp til revisjon. Plan- og bygningslova §4-1 krev at planprogram skal liggja føre ved varsel om oppstart av planarbeidet. Planprogrammet vart sendt på høyring og offentleg ettersyn i perioden 09.01.2018 til 23.02.2018. I høyringsperioden var planprogrammet drøfta på møte med Planforum. Det kom inn 22 merknader der fleiretalet av merknadane retta seg mot sjølve planrevisjonen. 7 merknader gjev grunnlag for endringar i planprogrammet.

Saka går til avgjerd i kommunestyret.

**Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

Plan- og bygningsloven.

**Saksopplysningar**

Kommunestyret har i Planstrategi av 16.02.2017 gjort vedtak om at kommuneplanen sin arealdel skal takast opp til revisjon. Plan- og bygningslova §4-1 krev at planprogram skal liggja føre ved varsel om oppstart av planarbeidet. Planprogrammet vart sendt på høyring og offentleg ettersyn i perioden 09.01.2018 til 23.02.2018. I høyringsperioden var planprogrammet drøfta på møte med Planforum i februar. Det kom inn 22 merknader der fleiretalet av merknadane retta seg mot sjølve planrevisjonen. 7 merknader gjev grunnlag for endringar i planprogrammet. Rådmannen gjev her tilrådingar berre til merknader med konsekvensar for planprogrammet og har ikkje teke stilling til innhaldet i merknader/innspel



som gjeld planrevisjonen. Dette vil bli gjort i eiga sak når frist for innspel til planrevisjonen er ute.

Vedlagt fylgjer Planprogram av 29.05.2018 der endringar i samsvar med Rådmannen sine tilrådingar førebels er lagt inn med raud skrift. Vedlegg 7.2 «Opplegg for KU og ROS-analyse» er i sin heilheilt revidert utan at det er vist med raud skrift.

Når planprogrammet er vedteke skal det sendast ut kunngjering av vedtaket samtidig som ein inviterer til å koma med innspel til sjølve planrevisjonen.

## **Samandrag av innkomne merknader og vurderingar.**

### **1. Nærøyfjorden verneområdestyre**

Det bør nemnast i planprogrammet at areal i Vik kommune ligg innanfor Nærøyfjorden landskapsvernområde og at reglane i verneforskrifta gjeld for desse områda.

*Vurdering: Planprogrammet, pkt. 5.8 Fjellområda, vert endra i samsvar med merknad.*

### **2. Opplysningsvesenets fond**

Har ingen merknader med ynskjer varsling ved offentlig ettersyn og planvedtak. Gjer merksam på ny kontaktinformasjon.

Oppdater adresselista: Opplysningsvesentes fond, Pb 535 Sentrum, 0105 Oslo. [ovf@ovf.no](mailto:ovf@ovf.no).

*Vurdering: Adresselista vert revidert i samsvar med merknad.*

### **3. Fylkesmannen i Hordaland**

Legg til grunn at dei får høve til å gi uttale seinare i planprosessen dersom planarbeidet avdekkjer arealinteresser- eller konsekvensar som får fylkesovergripande verknader.



#### 4. Vik Båtforening v/leiar Dagfinn Otterskred

Viser til kvalitetsheving av båthamna i Vik då dei la ut ny betongbrygge. Utfordringa no er bylgjebevegelsar som kjem langs land og inn i hamna. Viser til kommunen sine planar for framtidig gang- og sykkelveg langs med fv. 92 og 200-300m nordover. Denne kan kombinerast med bygging av steinmolo på om lag 30x10 m. Moloen vil stoppe bølgerulling langs land og kan nyttast som parkområde. Karstskisse er vedlagt.

*Vurdering: Gjeldane arealdel viser framtidig gang- og sykkelveg langs med fv.92 frå Hopra til Prestvegen. Rådmannen er samd i at det er ynskjeleg med ein molo for å stoppa/dempa bølger langs land inn i båthamna. Fjorden er brådjup i det aktuelle området. Plassering og teknisk løysing for molo treng vidare utgreiing. Rådmannen registrerer innspelet som innspel til arbeidet med revisjon av arealdelen.*

#### 5. Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)

Viser til at kommunal arealplanlegging er viktig for å sikre tilgang til gode mineralreservar i framtida. Ein bør unngå bandlegging av registrerte mineralressursar. DMF oppmodar om at det vert laga temaplanar for mineralressursar som kommunedelplan for den enkelte kommune eller at det vert utarbeidd regionale planar.

DMF tilrår ei kartlegging av ressurstilgang og behov for mineralressursar ved revidering av kommunedelplanen og at dette vert teke med som eige punkt under behov for utgreiingar.

DMF rår til at mineralressursar vert teke med som ein punkt under 7.2 «Opplegg for KU og ROS-analyse».

*Vurdering: Dette er ein avgrensa revisjon av arealdelen med fokusområde: bustader og næringsformål, med hovudvekt på hovudsoknet. Kartlegging av ressurstilgang og behov for mineralressursar bør gjerast i samband med neste planrevisjon.*

#### 6. Sogn og Fjordane fylkeskommune, samferdsleavdeling

Viser til Regional transportplan med investeringsprogram for 2018-2021, der er skredsikring av fv. 92 til Arnafjorden ikkje teke med. Prosjektet er på andre plass på marginallista, kostnadsramme 1036MNOK(tunnel). Fylkeskommunen vil vurdere moglege mindre skredsikringstiltak mot slutten av inneverande investeringsperiode.



*Vurdering: Rådmannen tek opplysningane til vitande. Innspelet medfører ingen endring i planprogrammet.*

## 7. Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)

**Naturfare:** NVE meiner planprogrammet bør reflektere at potensielle naturfare skal vurderast for alle område der utbygging (fortetting eller nye utbyggingsområder) er aktuelt. Kommunen bør styre ny utbygging til trygge område. NVE viser til at byggeområde innafor aktsemdsområde for skred og flaum i gjeldande arealdel skal vurderast ut av planen dersom det ikkje ligg føre dokumentert tilfredstillande tryggleik. NVE sine retningslinjer «2/2011 Flaum- og skredfare i arealplanar» opnar for at aktsemdsområda vert vist som omsynssoner med forbod eller vilkår for utbygging, men kommunen som planmynde kan setja vilkår om at den reelle faren også skal avklarast før nye byggeområde vert teke inn i arealdelen.

**Skredfare i bratt terreng:** NVE skal gjennomføre faresonekartlegging(skredfare) for utvalde område i kommunen i 2018 (vedlagt kartutsnitt). Disse kartleggingane må innarbeidast i kommuneplane som omsynssoner. NVE rår til at kart tilgjengeleg på «NVE Atlas» ver nytta som grunnlag for omsynssoner i plankart der det ikkje vert gjennomført faresonekartlegging.

Merknaden har også innspel til planrevisjonen når det gjeld flaum og erosjon, klimaendring, vassdrag og energianlegg. NVE ber kommunen kontakt Statnett, regional netteigar og områdekonsesjonær, slik at det kan takast omsyn til planlagde nye kraftleidningar og oppgradering av eksisterande kraftleidningar i området.

*Vurdering: Merknaden gjev ikkje grunnlag for endringar i planprogrammet utover at Statnett skal setjast opp på adresselista for utsending av varsel om oppstart av revisjon av arealdelen.*

*Når det gjeld tilråding til bruk av omsynssoner og arealføremåla i plankart registrerer Rådmannen innspelet som innspel til arbeidet med revisjon av arealdelen.*

## 8. Statens Vegvesen

Føreset at kommunen gjer ei vurdering av tilkomst for ny byggeområde i konsekvensutgreiinga. Ved etablering av nye kryss/avkøyrslar eller utvida bruk av desse set dei krav til utforming i samsvar med handbøker. Viser til at det for planlegging og lokalisering av nye byggområde er viking å legg til grunn statlege retningslinjer for samordna areal- og transportplanegging (buss, gå eller sykle til ulike reisemål). Trafikktryggleik må vera styrande, unngå trafikkfarlege bustadmiljø. Det må ikkje



etablerast tosidig aktivitet langs trafikkert veg.

Tilkomst frå riksveg og fylkesveg må hovudsakleg skje via eksisterande avkøyrslar. For nye utbyggingsområde må det vurderast om transportsystemet vil tåle trafikkauke. Ein bør unngå randbusetting langs viktige transportårar

Svv stiller seg positive til at det skal vurderast tilrettelegging og tiltak for meir bruk av sykkel i kvardag og fritid.

Svv viser til støysonekart langs riks- og fylkesvegnettet og til «T-1442 retningslinjer for handsaming av støy i arealplanlegging».

*Vurdering: Revidere opplegg for KU slik at ein får med vurdering av tilkomst for nye byggeområde. Endra vedlegg 7.2 «Opplegg for KU og ROS-analyse», konsekvensvurdering skal gjerast for temaet «areal og transport».*

*Rådmannen registrerer innspelet som innspel til arbeidet med revisjon av arealdelen.*

## **9 Stølsheimen verneområdestyre**

Stølsheimen landskapsvernområde omfattar deler av Vik kommune og det bør nemnast i planprogrammet. Det må også kom fram at reglane i verneforskrifta gjeld for desse områda.

*Vurdering: Planprogrammet, pkt. 5.8 Fjellområda, vert endra i samsvar med merknad.*

## **10 Fiskeridirektoratet**

Ynskjer at kommunen nyttar arealformål 6 «Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner» til areal som kan vera aktuelt for havbruk. Gjerne med underformål.

Fjordområda i Vik vert brukt til brislingfiske – viktig at sjøområda i arealdelen vert sett av til arealføremål 6 «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner».

Låssettingsplassane i kommunen må vidareførast med underformål fiske som i dag. Det kan koma endringar i låssettingsplassane, desse vert lagt inn i kartverktøyet ([www.fiskeridir.no](http://www.fiskeridir.no)) fortløpande slik



at kommunen har ny informasjon tilgjengelig når kartet til arealdelen skal teiknast.

Viser til at Vik kommune ligg innanfor grensene til nasjonal laksefjord. Det kan verte moglegheiter i framtidig havbruk for andre artar enn laks og sjøaure. Tiltrår at Vik kommune set av område fil framtidig havruk.

*Vurdering: Rådmannen registrerer innspelet som innspel til arbeidet med revisjon av arealdelen*

## 11 Sognefjorden Vel

Er ein uavhengig interesseorganisasjon som jobbar for betre forvaltning av Sognefjorden. Meiner både kommuneplanens arealdel 2013-24 og Planprogram for revisjon er prega av svak behandling av kommunens marine areal og ressurs. Ber om auka innsats på:

1. Registrere miljøgifter i havner og gamle bossdumpingsområder
2. Registrere og sikre gyte- og oppvekstområder for marin fisk.
3. Registrere biologisk mangfald i sårbare områder.
4. Overvake oksygenfattige fjordar; det er mogeleg at djupvatnet i Finnabotn har lite eller intet oksygen.

*Vurdering: Dette er ei avgrensa revisjon av arealdelen. Fokusområde er nye område for bustader og for næringsformål, med hovudvekt på hovudsoknet. Kartlegging av miljøgifter i hamner og gamle boss plassar, registrering av gyte- og oppvekstområder samt registrering av biologisk mangfald bør vurderast i samband med neste planrevisjon, alternativt bør det løftast opp på fylkesnivå slik at ein har høve til å kartlegge og vurdere heile Sognefjorden under eitt. Overvakinga av oksygenfattige fjordar er ikkje noko ein styrer via ein arealplan.*

*Rådmannen registrerer innspelet om å krevje marinbiologisk konsekvensanalyse ved større inngrep i fjorden som innspel til arbeidet med revisjon av arealdelen.*

## 12 Feios bygdelag

Viser til gjeldane arealdel av kommuneplanen (KPA 14) når det gjeld areal sett av til bustader i Feios. Viser også til vedteken Planstrategi som seier at reguleringsplan for bustad og skuleområde i Feios skal prioriterast med oppstart i 2017. Tilgang til attraktive bustadtomter er viktige verkemiddel for å utvikle lokalsamfunnet. Oppmodar kommunen til å starte opp planarbeidet med reguleringsplan. Rår til å dele planarbeidet i to reguleringsplanar, ein for bustader og ein for skuleområde.

*Vurdering: Merknaden gjeld areal avsett til bustadbygging i gjeldande arealdel(KPA14). I samsvar med KPA14, vedteken Planstrategi og vedtak i formannskapet 22.03.18 er det no starta opp to*



*detaljreguleringsplanar: ein for bustadfelt og ein for skuleområdet i Feios.*

### **13 Sogn og fjordane fylkeskommune (SFF)**

Viser til eige referat frå planforum 14. februar 2018.

Merknad frå SSF er fyldig og omfattande og gjeld innspel både til både planprogrammet og sjølve planrevisjonen. Hovudpunkt er omtalte under.

#### Innspel/merknader til planprogrammet:

1. Tiltrår kartlegging av bustadsituasjonen for Vik som grunnlag for å styra ønska utvikling. Bustadpolitisk handlingsplan ligg noko fram i tid og vert ikkje tilgjengeleg grunnlag for denne revisjonen.
2. Meiner at kartlegging av nærings situasjonen/behov for næringsareal kan vera eit godt grunnlag.
3. Viser til at arealstrategien i KPA 14 i hovudsak skal vidareførast. Rår til å leggja den inn i planprogrammet.
4. Planprogrammet kap.5.3 bør vera meir konkret på kva område som er aktuelle for spreidd bustadbygging i LNF-område utan dispensasjon, og med dispensasjon.
5. Planprogrammet kap.5.5 bør vera meir konkret på kva stølsområde som er aktuelle for fritidshus/stølshus for eigar utan beitedyr.
6. Viser til «plan for busetjing og integrering av flyktningar» bør førast opp som grunnlag for revisjonen.
7. Bør ha eit oppsett for konsekvensanalyse (KU) som gjev tydeleg oppdrag for vidare arbeid med KU og samstundes er etterprøvbart. Bør koma fram kva grunnlag ein har og kva ein ev. manglar. Konsekvensar for vassmiljø må vurderast.
8. Viktig med brei medverknad . Oppvekstvilkår for barn og unge bør takast omsyn til.
9. Utgreiingar/kunnskapsgrunnlag: Planprogrammet skal gi oversikt over eksisterande kunnskapsgrunnlag og kva ein treng ytterlegare informasjon om. Der planprogrammet syner konkrete utbyggingsforslag skal det klargjerast om alternativ skal utgreiast samt kva problemstillingar som er sentrale i utgreiingane. Meiner planprogrammet med fordel kan utdjupast.

#### Vurdering:





*På grunnlag av SFF sine merknader finn R grunn til å tilrå fylgjande endringar i planprogrammet:*

1. Behovsvurdering for bustader vert lagt til i kap. 6 Utgreiingar.
2. Behovsvurdering for næringsareal vert lagt til i kap. 6 Utgreiingar.
3. Arealstrategi i KPA 14 vert redigert inn i planprogrammet under punkt 5.2 Arealstrategi.
4. Avklaring av aktuelle område for spreidd bustadbygging bør vurderast og avklarast i planarbeidet, og på grunnlag av evt. innspel. Ingen endring i planprogrammet.
5. Pkt. 5.5 . Areal for fritidsbustader vert revidert slik at det er tydleg skilje mellom fritidsbustader og stølshus. Punktet om bygging av stølshus for eigarar i stølsområde vert presisert med eit tillegg: «Dette gjeld stølsområde som ligg **utanfor** landskapsvernområde og Fjellheimen villreinområde».
6. «Plan for busetjing og integrering av flyktningar» vert ført opp som grunnlag for revisjonen. Planen er forutsett vedteken sommaren 2018.
7. Oppsett for KU vert endra/supplert på grunnlag av råd frå FK . (Sjå og merknad frå FM).
8. Kap 4 Planprosess og medverknad vert supplert med at barn og unge si medverking vert forsterka med kontakt mot skulen, i tillegg til møte med ungdomsrådet som er omtalt i planprogrammet. Eige møte med Næringsamskipnaden for å drøfte næringsareal.
9. Kunnskapsgrunnlag: viktig nettstader/databaser og planar og liknande vert lista opp i planprogrammet under vedlegg 7.2 «Opplegg for KU og ROS-analyse».

#### Faglege merknader og råd til arbeidet med planrevisjonen:

1. Meiner tettstaden Vik og sentrumsområde bør avgrensast i planen (plankartet eller føresegnene), det gir moglegheit til å styra utviklinga i ønska retning.
2. Omsynssoner rundt vassførekomstane bør vurderast.
3. Viktig med omsynssoner for viktige kulturminne og –miljø.
4. Oppmodar om å gå gjennom reguleringsplanar med tanke på oppheva utdaterte planar og få oversikt over planar der nyregulering/omregulering bør prioriterast.
5. **Klima:** Kommuneplanen bør definere føringar og rutinar for arealbruk som bygger opp om målsettinga i klimaomstillinga. Døme: ivaretaking av blå-grøne strukturar som vern mot flaum og overvatn og føringar for fortetting av eksisterande sentrum.
6. Oppmodar kommunen om kontakte fylkeskommunen for samarbeid/støtte til tettstadutvikling og stadforming.
7. **Akvakultur:** Regjeringa forventar at kommunane sikrar nok areal til fiskeri- og havbruksnæringa. Viktig at kommunen gjer ei vurdering av eksisterande akvakulturområde i kommuneplanen.
8. **Automatisk freda kulturminne:** viktig at kommunen i planprogrammet identifiserer pressområde med konflikt mellom automatisk freda kulturminne og planlagde tiltak. Kulturminna sikra gjennom omsynssoner.
9. **Maritime kulturminne:** Bergen Sjøfartsmuseum er marinarkeologisk uttalemuseum i samband med alle tiltak som råkar sjøbotn. Varslinga av tiltak skal skje gjennom Sogn og Fjordane fylkeskommune.
10. **Nyare tids kulturminne:** Viser forslag til føresegner/retningslinjer for SEFRAK – registrerte bygningar og bygningsmiljø.
11. **Verneverdige kulturminne i Vik kommune:** Omsynssone vil gje utvalde område status som verneverdige kulturmiljø etter kommuneplanen. Gunstig ved søknad om finansiering av restaureringstiltak. Tilrå at det i retningslinjene til omsynssonene vert stilt krav om at tiltak innanfor omsynssona skal avklarast ved ordinær søknad etter plan- og bygningslova.



12. **Listeførde kyrkjer:** Fresvik kyrkje, Feios kyrkje, Vangsnes kyrkje og Arnafjord kyrkje. Viktig å ta vare på omgjevnadane til kyrkjene. Forbod om oppføring av bygg nærare enn 60m i spreidd bygde område (Kriseloven §21). Rår til å merke av desse grensene i kartet til arealdelen.

*Vurdering:* Merknader over frå SFF vert tekne med i det vidare arbeidet med planrevisjonen.

#### 14 Nord fjella og Fjellheimen villreinnemnd

KPA 14 er i all hovudsak samanfallande med interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen. Viser til at planprogrammet føreset vidareføring av arealbruken i KPA 14 for fjellområda. Er positive til dette og ser at omsynet til villreinen er ivareteken i planarbeidet. Føreset at ein ikkje får nye planar med konsekvensar for villreinen i planperioden.

*Vurdering:* Ingen endringar i planprogrammet. Rådmannen registrerer innspellet som innspel til arbeidet med revisjon av arealdelen.

#### 15 Lærdal kommune

Kommunestyret har ikkje innspel.

#### 16 Statsbygg

Er grunneigar og forvaltar av statlege eigedommar, i Vik gjeld dette Vik fengsel. Viser til at det i gjeldane kommuneplan (KPA 14) er satt av areal til framtidig utviding av fengselet. Ber om at arealet vert vidareført i komande plan. Utbygging av fengselet er ikkje vedteke men det vert vurdert og planlagt for utviding av fengselet på dette området.

Viser til at fengselsbygget frå 1865 er freda, både eksteriør og interiør. Kommunen bør vurdere omsynssone for bevaring av kulturminne/kulturmiljø for området.

*Vurdering:* Rådmannen registrerer innspellet som innspel til arbeidet med revisjon av arealdelen.



## 17 Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FM)

Merknad frå FM er fyldig og omfattande og gjeld innspel både til både planprogrammet og sjølve planrevisjonen. Hovudpunkt er omtalte under

### Innspel/merknader til planprogrammet:

1. Viser til at det i vedlegg 7.2 «Opplegg for KU og ROS-analyse» er vist til KU-forskrifta frå 2009. Føreset at den vert retta opp (2017).
2. Meiner at skildringa av metodikk og opplegget for KU er noko mangelfull, og tilrår ein del endringar og tillegg.
3. Meiner barn og unge bør nemnast i planprogrammet med tanke på medverknad, t.d. samarbeid med skulane. Kommunen bør også vurdere fleire grupper som krev særleg tilrettelegging for å få reell medverknad.
4. Rår til at planprogrammet omtalar korleis kunnskap frå folkehelseprofil for Vik kommune skal brukast i vidare planarbeid.
5. FM rår frå å opna for hytter i stølsområde opp mot fjellet, og i stølsområde det det ikkje er vegtilkomst frå før.
6. ROS-analyser. Rår til at overvatn og stormflod vert vurdert som eigne tema. Konsekvensar av klimaendringane vert vurdert opp mot alle tema i analysen.

### Vurdering:

*På grunnlag av FM sine merknader finn R grunn til å tilrå fylgjande endringar i planprogrammet:*

1. Vedlegg 7.2 Opplegg for KU og ROS analyse vert endra og supplert i tråd med FM sine råd.
2. Vedlegg 7.2 Opplegg for KU og ROS analyse vert endra og supplert i tråd med FM sine råd.
3. Kap 4 om medverking: Barn og unge si medverking vert forsterka med kontakt mot skulen, i tillegg til møte med ungdomsrådet som er omtalt i planprogrammet.
4. Omtale av korleis opplysningar om folkehelsa i kommunen skal brukast i vidare planarbeid vert redigert inn i planprogrammet i kapittel 5.1 Generelt.
5. Pkt. 5.5 . Areal for fritidsbustader vert revidert slik at det er tydeleg skilje mellom fritidsbustader og stølshus. Punktet om bygging av stølshus for eigarar i stølsområde vert presisert med eit tillegg: «Dette gjeld stølsområde som ligg **utanfor** landskapsvernområda og Fjellheimen villreinområde». Føremålet med å opne opp for bygging av stølshus for eigarar i stølsområdet er å legge til rette for ei bevaring av kulturmiljøet på stølane. Ved å knytte denne moglegheita opp til eksisterande vegtilkomst er det fare for at ein legg opp til auka press på etablering av nye skogsvegar/landbruksvegar.
6. Vedlegg 7.2 «Opplegg for KU og ROS-analyse». Overvatn og stormflod vert sett opp som eigne tema i sjekklista for ROS-analysen.



### Faglege merknader og råd til arbeidet med planrevisjonen

1. Natur og miljø: Listar opp grunnlagsdata for planarbeidet.
2. Naturmangfald i KU; må vurderast om kunnskapsgrunnlaget er godt nok for kvart delområde. Dersom ikkje kan føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova §9 slå inn.
3. Føreslår temakart, som gir god oversikt over kunnskapsgrunnlaget.
4. Strandsoneforvaltning: Viser til pkt. 5.5 i planomtalen og føreset at det i liten grad er aktuelt med nye byggeområder for fritidsbustader i strandsona. I den grad det er aktuelt med utbygging i strandsona må verknadene for allmenn interesser i strandsona koma tydleg fram. Konsekvensgraden av tiltaka skal vurderast i forhold til at strandsona er område av nasjonal interesse. Minner om byggegrense i forhold til 100-metersbelte i byggeområde og i LNF-område for spreidd utbygging; bør fastsetjast i arealdelen.
5. Sjøområda: Tilrår å ta ut akvakulturområde som ligg inne i gjeldane plan dersom dei ikkje er aktuelle for akvakultur. Positiv til å vurdere forbod mot vass-scooter i sårbare deler av sjøområda.
6. Vassdrag: minner om i 100-metersbelte langs vassdrag skal det takast særlege omsyn.
7. Rår til at evt. LNF-område for spreidd bustadbygging får føresegner om lokalisering, omfang, utforming for å unngå å handtere bustader i LNF-område som dispensasjon.
8. Rår til å halde fast ved eksisterande sonedeling av kommunen i retningslinjene som gjeld for dispensasjon for spreidd bustadbygging i LNF-område i gjeldande plan. Rår til at retningslinjene i gjeldane plan vert nøye gjennomgått.
9. Landbruk: Ber om at det vert dokumentert at det også er vurdert andre alternativ dersom det vert føreslege å tå i bruk dyrka jord til utbyggingføremål.

Vurdering: Merknader over frå FM vert tekne med i det vidare arbeidet med planrevisjonen.

### **18 Bente Feidje**

Viser til gjeldane arealdel (KPA14) der det er satt av areal for bustadbygging på store deler av g/bnr. 159/4 og 159/27. Klager på dette og viser til at det vart rydda skog i dette området fordi ho trong beiteområde.

Vurdering: Innspelet gjeld areal som var sett av til bustadbygging i KPA14. Kommunen har, i samsvar med gjeldande arealdel (KPA 14), starta opp arbeidet med detaljregulering av området. Rådmannen registrerer innspelet som innspel til arbeidet med revisjon av arealdelen.

### **19 Tor Feidje og Annette Refsdal**

Viser til at det i arealdelen vedteken i 2014 vart sett av areal til bustadbygging på g/bnr. 159/4. Store deler av beiteområde og gardstunet til bruket vart omgjort frå landbruk til bustadføremål. Dei vil



klage på omgjeriinga og viser til at bruket er det einaste på Feidjane med beitedyr. Dei er avhengig av beitearealet for framtidig drift. I området er det fleire eldre steinmurar og oppmurte åkrar og det er etablert ein traktorveg som gir betre tilkomst til fulldyrka areal sør for garden.

Ber om at grensa for området satt av til bustader vert flytta vestover. Viser til at det er 3 ledige tomter i bustadfeltet Rinde II. Meiner «spreidd bustadbygging i LNF» er eit betre tiltak for framtidig bustadbygging i bygdi.

*Vurdering: Innspelet gjeld areal som var sett av til bustadbygging i KPA14. Kommunen har, i samsvar med gjeldande arealdel (KPA 14), starta opp arbeidet med detaljregulering av området. Rådmannen registrerer innspelet som innspel til arbeidet med revisjon av arealdelen.*

## **20 Vigdis Feidje og Lars Magne Sæther**

Eig fritidseigedom i Feios, g/bnr. 159/42. Har motteke informasjon om at Vik kommune har intensjonar om byggefelt som vil påverke eigedomen. Protesterer mot planane då dette vil vera ein kraftig verdiforringing av eigdommen. Håpar Vik kommune kan sjå på andre moglegheiter i Feios.

*Vurdering: Innspelet gjeld areal som var sett av til bustadbygging i KPA14. Kommunen har, i samsvar med gjeldande arealdel (KPA 14), starta opp arbeidet med detaljregulering av området. Rådmannen registrerer innspelet som innspel til arbeidet med revisjon av arealdelen.*

## **21 Leiv Johannes Balevik**

Ynskjer at nyetablert veg på Tenne vert sett av til trafikkformål.

*Vurdering: Rådmannen registrerer innspelet som innspel til arbeidet med revisjon av arealdelen.*

## **22 Eivind Helleland**

Viser til «Seimseiga», ein eigedom under matrikulering som realsameige under gnr.5 med registreringsnummer gnr. 5 og bnr. 57. Sameiget er organisert som lag med eige org. nr. Innspelet har ikkje vore handsama av årsmøtet (pga kommunen sin frist for merknader) så innspelet er å sjå på som innspel frå ordinær medeigar.



Ynskjer at revidert plan legg til rette for å byggja veg opp til stølsområde Øyasete(650m.o.h.) og vidare at planen legg til rette for å byggja stølshus/hytter for eigarane.

*Vurdering: Innspelet er i utgangspunktet ikkje i strid med planprogrammet. Rådmannen registrerer innspelet som innspel til arbeidet med revisjon av arealdelen.*

### **Økonomiske konsekvensar**

Ingen

### **Vurdering**

Merknadene gjev grunnlag for endringar i planprogrammet, som tilrådd over. Rådmannen tilrår å godkjenna planprogrammet med dei tilrådde endringane.

